



Vestre Slidre kommune
**Reguleringsplan for Slidre basishall,
planID 2024167**

Planføresegner

Forslag 02.05.2024 KFF

Innhald

1	Generelle føresegner	1
1.1	Overvatn	1
1.2	Utandørs belysning.....	1
1.3	Matjord.....	2
1.4	Ved funn av automatisk freda kulturminne.....	2
2	Område for bebyggelse og anlegg.....	2
2.1	Felles	2
2.2	Område for idrettsanlegg (H1)	2
2.3	Kombinert føremål bustad/tenesteyting (B/T)	2
3	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur.....	3
3.1	Veg (V).....	3
3.2	Gang-/sykkelveg (GS1 og GS2).....	3
3.3	Parkeringsplassar (P).....	3
4	Grøntstruktur	3
4.1	Friområde (F)	3
5	Hensynssoner	3
5.1	Bandleggingssone (B_730)	3
5.2	Angitt hensynssone bevaring kulturmiljø (B_570)	3

1 Generelle føresegner

1.1 Overvatn

Det skal tilretteleggast for fordrøying av overvatn frå tak og plassar. Blågrøn faktor innan område H1, B/T og P skal vere minimum 0,5.

1.2 Utandørs belysning

Lyskjelder skal ikkje blende mot omgjevnadene. Det skal leggast til rette for at lys blir slått automatisk av på natt.

1.3 Matjord

All matjord skal takast vare på og fraktast til jordbruksareal.

1.4 Ved funn av automatisk freda kulturminne

Dersom det blir oppdaga automatisk freda kulturminne ved tiltak i marka, skal arbeidet straks stanse og kulturminnestyresmaktene skal varslast.

2 Område for bebyggelse og anlegg

2.1 Felles

2.1.1 Tilkoplingsplikt til offentlig vatn og avløp

Alle bygg med innlagt vatn skal koplast til offentlig vatn og avløp.

2.2 Område for idrettsanlegg (H1)

2.2.1 Føremål

Innan området kan det først opp idrettshall med tilhøyrande garderobeanlegg og parkeringsplassar.

2.2.2 Utnyttingsgrad og høgder

Maksimal utnytting er 1400 m² BYA. Utandørs biloppstillingsplassar skal reknast med i BYA. Maksimal mønehøgde over gjennomsnittleg planert terreng er 10 m.

2.2.3 Byggegrenser

Bygg kan plasserast inntil regulert byggegrense som ligg i føremålsrensa i nord. Elles gjeld plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd.

2.2.4 Overvatn

Det skal tilretteleggast for fordrøying av overvatn frå tak og plassar.

2.2.5 Universell utforming

Hallen, parkeringsplassane og uteområdet mellom parkeringsplassane og inngangen til hallen skal vere universelt utforma.

2.3 Kombinert føremål bustad/tenesteyting (B/T)

Dette er noverande etablert bustadtomt som kan byggast ut vidare til bustadføremål. Arealet kan alternativt eller i tillegg nyttast til tenesteyting relatert til omkringliggende areal; skule eller idrett.

2.3.1 Utnyttingsgrad og høgder - bustadføremål

Utnytting til bustadføremål er maksimalt 30%-BYA. Dersom arealet berre blir nytta til bustader er maksimal mønehøgde 8 m over gjennomsnittleg planert terreng.

2.3.2 Utnyttingsgrad og høgder - tenesteyting

Dersom arealet blir nytta til tenesteyting eller kombinert tenesteyting og bustad er maksimal utnytting 60% BYA. Maksimal mønehøgde er då kote 416 og ikkje over 10 m over gjennomsnittleg planert terreng.

3 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

3.1 *Veg (V)*

Regulert vegareal omfattar køyrebane og grøfter.

3.2 *Gang-/sykkelveg (GS1 og GS2)*

Regulert vegareal omfattar vegbane og grøfter.

3.3 *Parkeringsplassar (P)*

Innan området kan det opparbeidast parkeringsplassar.

3.3.1 Vegetasjonsskjerm mot B/T

Det skal setjast att ein vegetasjonsskjerm mot B/T i nord.

3.3.2 Naboskap til kulturminne

Ein skal ta omsyn til kulturminnet i område F. Ved tiltak nærare F enn 10 m skal situasjonsplan oversendast kulturminnestyresmaktene til godkjenning.

3.3.3 Overvatn

Det skal tilretteleggast for fordrøying av overvatn.

4 Grøntstruktur

4.1 *Friområde (F)*

Området kan brukast til leik og opphald. Området skal ikkje snauhoggast, men vegetasjonen kan skjøttast og det kan leggast til rette med enkle, reversible inngrep. Fjerning eller oppfylling av masser er ikkje tillate. Jf. også punkt. 5.1.

5 Hensynssoner

5.1 *Bandleggingssone (B_730)*

Innan B_730 er sikringssonen rundt registrert gravfelt (id. 20109). Kulturminna med sikringssoner er automatisk freda etter lov om kulturminner §§ 4,6 og 8. Alle fysiske tiltak innan bandleggingssona skal oversendast kulturminnestyresmaktene for godkjenning.

5.2 *Angitt hensynssone bevaring kulturmiljø (B_570)*

Hensynssonen omfattar gamle Kongevegen. Det skal ikkje gjerast endring av vegen si opphavlege breidde, kurvatur eller lineføring. Vegen kan ikkje asfalterast. Alle fysiske tiltak utanom vanleg vegvedlikehald skal oversendast kulturminnestyresmaktene for godkjenning.